Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Mette Robertsen | 12.07.2023 |
| Vår: 23/4701 - 23/58215 | mette.robertsen@alver.kommune.no | |

# Oversender søknad til uttale - gbnr 18/36 Toft

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Fritidsbustad |
| Byggjestad: | Gbnr: 18/36 |
| Tiltakshavar: | Ole Jakob Nedregotten Akslen |
| Ansvarleg søkjar: | Artikon As |

Saka gjeld søknad om rammeløyve knytt til oppføring av ny fritidsbustad på 1 plan med hems. Bygnadens areal er oppgitt til 108 m2. Maksimalt byggeareal iht. plan er 268,8 m2.

Tomten er på 1075,3 m2. Eigendomen er lokalisert på Toft på Ostereidet, sørvest-vendt orientert, og med hellande kotar retning Hindnesfjorden.

Det er opplyst ved søknad at tiltaket skal nytta eksisterande septiktank, privat vatn, samt at dei vil nytta felles parkering for hytter oppe ved veg.

Saka er nabovarsla. Det er ikkje kome inn merknader til tiltaket.

| **Situasjonskart** | **Omsøkt tilak** | **3D illustrasjon** |
|---|---|---|
|  |  |  |

**Planstatus**
Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindås 2019-2031 plan id nr. 1263-201805 sin arealdel er definert som område for fritidsbusetnad.

| Plankart | Flyfoto |
|---|---|
|  |   |

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25% BYA.

**Dispensasjon**
Tiltaket krev dispensasjon frå plankrav, samt avstandskrav mot fylkesveg.

Det er søkt dispensasjon frå kommuneplanen § 2.2/ krav om utarbeiding av reguleringsplan, samt dispensasjon frå veglova § 29, jf. § 30.

**Veglova**
Tiltakets avstand til vegmidte (Stranda/ fylkesveg 5458) er 25,8 meter. Administrasjonen ber om at dispensasjon frå veglova med omsyn til avstandskravet på 50 meter, vert handsama etter særlov.

**Andre tilhøve**
Eigendommen ligg i område merket 310 Ras- og skredfare.

Det ligg føre gjennomført skredfarevurdering v. Wimo Fjellsikring, datert 11.04.2022. Skredfaren for kartleggingsområdet er vurdert til å være innafor krava i TEK17, kap. 7,3.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Mette Robertsen<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om løyve til oppføring av fritidsbustad - 18/36 Toft
Avløp
Erklæring tomtegrense
Gjennomføringsplan
Situasjonskart - Stokkheim HH90
Situasjonsplan avstand midt veg
Illustrasjon terreng nr3
Illustrasjon terreng nr2
Illustrasjon terreng nr1
Tegning Ny Fasade - HeimHytter HH90 Toftheim Tegninger
Tegning Nytt Snitt - Terrengsnitt A
Tegning Nytt Snitt Terrengsnitt A og B
Tegning Nytt Snitt Terrengsnitt B
Erklæring Om Ansvarsrett WIMO FJELLSIKRING AS
Erklæring Om Ansvarsrett PRO UTF TOPO OPPMÅLING AS
Erklæring Om Ansvarsrett PRO WIMO FJELLSIKRING AS
Erklæring Om Ansvarsrett PRO HEIM HYTTER AS
Redegjørelse Skred Og Flom - Skredfarevurdering
Egenerklæringsskjema for kompetanse

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Artikon As | Eidsbakken 81 | 6037 | EIDSNES |
| Ole Jakob Nedregotten Akslen | Stasjonsvegen 15f | 5221 | NESTTUN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statsforvaltaren I Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | Leikanger |
| Vestland Fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |